



## Informasjon om tilsyn med barnehage

Lindås kommune som barnehagemynde har ansvar for å avklare om tilbudet i barnehagen er lovleg og fagleg godt nok. Barnehagelova med forskrift og rammeplan for barnehagen gjev klare føringar om kva eit barnehagetilbod skal innehalde. Målsetjinga er at alle barnehagane i kommunen skal vere lovlege og ha høg kvalitet. Tilsyn er eitt verkemiddel for å sjå til at barnehagen stettar desse krava.

Målsetjinga med tilsynet er:

- Å sikre brukarane sine rettar
- Å sikre barna gode oppvekstilhøve
- Å sikre at barnehagen vert driven i samsvar med lov, føresegne og kommunale vedtak
- Å sikre den pedagogiske kvaliteten i den enkelte barnehage

Alle kommunar skal utarbeide ein tilsynsplan som skal vere kjent for barnehageeigar, barnehagetilsette og foreldre / føresette. Då det er fleire små kommunar i Nordhordland, ønskjer me å samarbeide om tilsynet på tvers av kommunegrensene jfr punkt 3.2.3 Veileder for tilsyn med barnehager.

Dei 8 kommunane i Nordhordland, som alle er ein del av Nordhordland Kompetanseregion, NKR, samarbeider godt med tilsynet.

Det er kommunestyret i kommunen som har det øvste tilsynsansvaret og som avgjer kva organ som skal utøve tilsynet.

## 1. LOVGRUNNLAG – BARNEHAGELOVA

I § 7 Barnehageeierens ansvar, står det mellom anna:

*Barnhageieren skal drive virksomheten i samsvar med gjeldende lover og regelverk.*

I § 8 Kommunens ansvar, står det mellom anna:

*Kommunen er lokal barnehagemyndighet. Kommunen skal gi veiledning og påse at barnehagene drives i samsvar med gjeldende regelverk.*

Lindås kommune som barnehagemynde har tre funksjonar når dei skal sikre at barna får eit godt og forsvarleg barnehagetilbod:

- *Aktiv veiledning av barnehager som sikrer de krav som settes i barnehageloven med tilhørende forskrifter jfr § 8*
- *Godkjenning etter vurdering av barnehagens egnethet i forhold til formål og innhold jfr §§§1, 2 og 10*
- *Tilsyn som virkemiddel for å sikre at kvaliteten på tilbudet til barna er tilfredsstillende jfr § 16.*



I § 9 Fylkesmannens ansvar, står det mellom anna:

*Fylkesmannen fører tilsyn med lovligheten av kommunens oppfyllelse av plikter som barnehagemyndighet etter § 8, kapittel IV og V. Reglene i kommuneloven kapittel 10 A gjelder for tilsynsvirksomheten.*

*Fylkesmannen kan i særlige tilfeller føre tilsyn med at den enkelte barnehage blir drevet i samsvar med denne loven med forskrifter.*

#### § 16 Tilsyn

*Kommunen fører tilsyn med virksomheter etter denne lov. Kommunen kan gi pålegg om retting av uforsvarlige eller ulovlige forhold ved godkjente eller godkjenningspliktige virksomheter. Hvis fristen for å etterkomme pålegget ikke overholdes, eller hvis forholdet ikke lar seg rette, kan kommunen vedta tidsbegrenset eller varig stenging av virksomheten. Kommunens stengingsvedtak skal sendes fylkesmannen til orientering.*

*I stedet for eller i tillegg til stenging av virksomheten, kan kommunen bruke økonomiske reaksjoner overfor ikkje-kommunale barnehager dersom krav etter § 14 a, eller forskrift i medhold av same bestemmelser, ikkje er overholdt.*

*Vedtak om retting og stenging og vedtak om anvendelse av økonomiske reaksjonsmidler kan påklages til fylkesmannen.*

## 2. KOMMUNEN SOM BARNEHAGEEIGAR OG BARNEHAGEMYNDE

Lindås kommune har rolle som eigar og som tilsynsmynde i høve til barnehagane.

Sentralt ved kommunen sitt tilsynsansvar er at både private og offentlege barnehageeigarar har tillit til tilsynet. Kommunen sine eigarinteresser må vert sette til side. Dette er ei problemstilling som ofte må drøftast i kommunen.

Gjennom nært samarbeid med dei andre kommunane i Nordhordland delar ein erfaringar og kunnskap i høve til tilsynsarbeidet. Den einskilde kommune får auka kompetanse og tilsynskorpset får såleis eit breiare grunnlag å ta avgjerde på.

Nordhordland Kompetanseregion har utarbeidd ei sjekklister som vert nytta ved tilsynet.

Denne byggjer på krav i Barnehageloven og Rammeplanen, og vil vere til hjelp for å kunne seie om barnehagen vert driven lovleg.

Kvar av dei 8 kommunane i Nordhordland må lage plan for gjennomføring av tilsynet i eigen kommune. Dette for å sikre at tilsynet vert gjort i høve til vedtak i kommunestyret. Den einskilde kommune er ansvarleg for tilsynet i sin kommune, men får hjelp frå ein av nabokommunane i planlegging og gjennomføring av tilsynet.

### 3. GJENNOMFØRING AV TILSYN

Tilsyn er dei aktivitetar som kommunen utøver for å sikre seg at barnehagane vert drivne i høve til krav i lov og forskrift. Tilsynet skal vurdere om drifta er *lovleg og forsvarleg*. I tillegg til å kontrollere om lovverket vert følgd, er det og eit tilsynsansvar å gjere faglege vurderingar og gje rettleiing. På nokre område gjev lova detaljerte føringar, medan det på andre område er ope for skjønn.

Tilsynsmynde har rett til innsyn i det som skjer i barnehagane, og kan gjennom innsyn vere med å sikre barnehagar med høg kvalitet. Tilsynet skal sjå til at barna får det dei har krav på etter gjeldande regelverk, og at foreldre kan kjenne seg trygge på barnehagen. I tilsynsoppgåva ligg det at det skal førast kontroll med at barnehagane følgjer gjeldande regelverk, og at det vert gitt reaksjonar når ikkje krav vert oppfylte. Kommunen sitt mynde strekk seg ikkje utover det som er heimla i lov- og regelverk.

Tilsyn er ei oppgåve som kommunen skal utøve jamleg. I tillegg til tilsynet får kommunen informasjon om barnehagen gjennom brukarundersøkingar, ulike møte, nettverk m.m. I motsetnad til rettleiing kan barnehagemynde gjennomføre tilsyn mot barnehageeigar sin vilje.

#### **Rettleiing**

Barnehageloven gjev barnehagemynde ansvar for å drive aktiv rettleiing for å kunne få gode barnehagar og sikre effektiv etablering og drift. I merknad frå departementet § 16 (Ot.prp.nr 76 (2002-2003)og Ot.prp.nr 72 (2004-2005) kjem det fram at rettleiing i høve til § 8 første ledd kan føre til endring av tilhøve slik at det ikkje vert nødvendig å gje pålegg om retting eller vedtak om stenging. Det vil seie at ein kan unngå å opne tilsyn dersom ein gjennom rettleiing får endre drifta i positiv retning. Rettleiing vert eit verkemiddel for å førebygge uforsvarleg drift og lovbrøt. Ved å kome tidleg inn med rettleiing i ein barnehage, eller mot heile sektoren, kan ein hjelpe barnehagane til å følgje regelverk og førebyggje utvikling av praksis som kan føre til ulovlege tilhøve.

Rettleiing er frivillig for barnehagane.

#### **Risikovurdering**

Risikovurdering skal ligge til grunn for val av tilsynsobjekt og kva som skal vere tema for tilsyn. Risikovurdering kan og ha betydning for val av metode og tidspunkt. Risikovurdering betyr at me må ta stilling til kor sannsynleg det er at det førekjem lovbrøt, og kor alvorleg konsekvensen av lovbrøtet er. Det er også relevant å vurdere korleis tilsynet kan organiserast for å oppnå størst moglege reduksjon i den samla risikoen for lovbrøt i sektoren. Her vil også omsynet til ressursar ha innverknad på vurderinga.

*Barnehagemynde* er dei i kommunen som utføre myndighetsoppgåver etter Barnehagelova.

*Rettleiing (veiledning)* betyr at barnehagemynde aktivt gjev informasjon til barnehageeigarane om eigarplikt jfr. Barnehagelova med forskrifter.

*Tilsyn* er kontroll av om barnehageeigar oppfyller eigarpliktene jfr. Barnehagelova med forskrifter.

*Risikovurdering* er løpande vurdering av sannsynlighet for, og konsekvensen av brot på barnehageeigar sine plikter jfr. Barnehagelova med forskrifter.

#### 4. TILSYNSMETODE

Tilsynsmetode vil seie den strategien tilsynet vel for arbeidet sitt.

##### **Systemrevisjon**

Er nær knytt opp mot internkontrollsystemet og skal sjå til at drifta er i samsvar med gjeldande lovverk. Dette tilsynet skal vere planlagt og varsla.

##### **Tematilsyn**

Tilsyn i høve til enkelttema i barnehagelov og rammeplan. Tilsynsorganet vel tema, tidsramme og metode for gjennomføring.

##### **Inspeksjonstilsyn**

Tilsyn basert på aktuelle hendingar eller situasjonar i løpet av eit driftsår. Tilsynet kan vere varsla eller uvarsla. Tilsynet vert ofte utløyst av klager og bekymringsmeldingar frå foreldre, tilsette eller andre.

##### **Områdeovervaking / tilstandsvurdering**

Tilsyn basert på statistikk og systematisert datagrunnlag innhenta gjennom kartlegging/utfylling av skjema om verksemda.

##### **Organisering av tilsynet**

Tilsynet vert gjennomført av ein rådgjevar i Lindås kommune og ein person med barnehagefagleg kompetanse frå anna kommune.

##### **Gjennomføring av tilsynet:**

- Kommunen vil i første rekkje utføre varsla tilsyn.
- Ikkje-varsla tilsyn kan verte gjennomført på bakgrunn av bekymringsmeldingar.
- Omfanget av tilsynet kan variere. Til vanleg skal alle barnehagane ha minimum eit tilsyn kvart fjerde år.

#### VARSLA TILSYN

Varsla tilsyn vert gjennomført som systemrevisjon. Tema for tilsynet i den einskilde barnehage er fastsett på førehand.

**Systemrevisjon:** Systematiske undersøkingar for å fastslå om aktivitetar og tilhøyrande resultat er i samsvar med krav fastsett i, eller i medhald av, lov og forskrift.

##### Utdjuping

- Systemrevisjon er å fastslå om krav i lov og forskrifter vert følgde
- Det er fokus på prosess og handlingar fram mot sluttprodukt/resultat
- Det vert undersøkt kva handlingar/aktivitetar som vert gjort for å overhalda mynde krav i lov og forskrift
- Systemrevisjon er kva barnehagen gjer for å ivareta det ansvar og dei plikter som er fastsette i regelverket
- Systemrevisjon føregår i ansvarlinja. Organisasjonen er ansvarleg, ikkje den einskilde tilsette
- Systemrevisjon skal medverke til å utvikle system for kvalitetsbetring

For å sjå til at barnehagane stettar krav som er sette i lovverk, har Lindås kommune årleg kontroll på fylgjande:

- a. Tilsyn i barnehagar etter oppsett plan.
- b. Gjennomgang av årsplan i alle barnehagar for å sikra at denne er i samsvar med lovkrav
- c. Krav som er sette i lov/forskrift i høve til pedagogdekning/anna bemanning og areal til rådvelde for barn
- d. Alle barnehagar i samband med årsmelding pr.15.12

#### **UVARSLA TILSYN**

Uvarsla tilsyn kan verte gjennomført på bakgrunn av bekymringsmelding frå foreldre og tilsette, eller på bakgrunn av hendingar som barnehagemyndene får kjennskap til og finn grunn til å undersøkje nærare.

Dette kan t.d. vere:

- Talet på barn i barnehagen
- Tryggleik for barn og tilsette
- Mistanke om overgrep
- Areal, inne og ute
- Hygieniske krav
- Manglande vedlikehald, bygg eller uteområde

#### **PAPIRTILSYN**

Kommunen ber om å få tildsendt dokumentasjon i høve til tema / område dei ønskjer å undersøkje. Døme på papirtilsyn er kontroll av politiattest.